

INNKOMNE INNSPILL TIL PLANOPPSTART OG ENDRET PLANAVGRENSNING

Detaljregulering Veiholmen panorama

Planid: 1573 2021 0006

Statens vegvesen 04.11.21	s. 2
Mattilsynet 15.11.21	s. 4
Statsforvalteren i Møre og Romsdal 15.11.21	s. 6
Statsforvalteren i Møre og Romsdal 15.02.22	s. 9
Møre og Romsdal fylkeskommune 23.11.21	s. 11
Møre og Romsdal fylkeskommune 20.02.22	s. 16
Kystverket 01.11.21	s. 19
Kystverket 24.01.22	s. 20
Direktoratet for mineralforvaltning 09.11.21	s. 21



Statens vegvesen

AKSETØY ARKITEKTUR AS
Bakkaunvegen 5B
7068 TRONDHEIM

Ingvild Condemine

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
21/221358-2

Deres referanse:
2053 – Veiholmen
sør

Vår dato:
04.11.2021

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for gnr. 52 bnr. 97 og 449 Inner Innveien i Smøla kommune

Vi viser til brev datert 21.10.2021.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for boligbebyggelse, atkomstveg, parkering og uteoppholdsarealer.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Statens vegvesens innspill til planarbeidet

Så lenge planleggingen skjer i samsvar med bestemmelser og retningslinjer i kommuneplanens arealdel, har vi ingen merknader til at det startes planarbeid her.


Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Reguleringsplan for Inner Innerveien legger opp til en omlegging av fv. 6200 forbi planområdet sør for planområdet. Omleggingen er også videreført i forslag til ny kommuneplan. Varslet planområdet vil grense til ny vegtrase, og må ta hensyn til dette med tanke på byggegrense og atkomst fra fv. 6200.



Mjuke trafikanter og kollektivtransport

Forholdene for mjuke trafikanter på fylkesvegstrekingen mellom planområdet og kommunesenteret på Hopen og kollektivtransport forbi området må utredes nærmere. Nødvendig tilrettelegging/tiltak må sikres som rekkefølgekrav i bestemmelsene.

Konklusjon

Vi viser til våre innspill over, og ber om at dette tas med i det videre planarbeidet.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

SMØLA KOMMUNE, Postboks 34, 6571 SMØLA

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

UTTALELSE TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID, INNER INNVEIEN, SMØLA KOMMUNE

Mattilsynet har mottatt varsel om oppstart av planarbeid for gnr./bnr. 52/97 og 52/449, Inner Innveien, Smøla kommune, datert 21.10.2021.

Mattilsynet har statlig sektormyndighet for bl.a. drikkevann og plante helse, og skal følge opp det som gjelder disse områdene i private – og kommunale planer.

Drikkevann:

I tillegg til Drikkevannsforskriften, vil også Plan – og bygningsloven, Vannforskriften (om vannområder) og Nasjonale mål for vann og helse være førende i planarbeidet.

I referatet fra møte mellom Aksetøy Arkitektur, tiltakshaver og kommunen står det at kommunenes arealdel vil være førende når det bl.a. vann og avløp.

Dere må huske å ta med dette i ROS-analysen som skal utarbeides.

Det må beskrives hvordan drikkevannsforsyningen for området er tenkt løst, og det er viktig at denne løsningen sikrer nok- og helsemessig trygt drikkevann både under- og etter byggeperioden. Dette må det avklares med vannverkseier før utbygginga tar til.

Plan- og bygningslova stiller krav til slukkevann. Dette ligger utenfor Mattilsynets myndighet, men må tas med i planlegging av drikkevannsforsyninga, da det vil ha innvirkning på dimensjoneringen av vannledningsnett

Plantehelse:

Matloven krever at enhver skal utvise nødvendig aktsomhet, slik at det ikke oppstår fare for utvikling eller spredning av planteskadegjørere. Dette gjelder alt anleggsarbeid som omfatter matjord og spesielt ved flytting av matjord.

Det er viktig å etablere rutiner som sikrer en praksis som i størst mulig grad reduserer faren for spredning av planteskadegjørere og floghavre. Dette gjelder både via vann og jord, samt bruk av utstyr eller masser som kan ha vært i kontakt med uønskede arter og smittestoffer.

Det er også viktig å kartlegge om massen som skal deponeres kan være fra arealer/eiendommer som kan medføre fare for spredning av planteskadegjørere og (f.eks. PCN og ringråde) eller floghavre. Spiredyktige floghavrefrø kan overleve i minst 10 år i jorda. Det samme gjelder PCN, som kan overleve i jorda uten vertsplante i over 30 år.

Med hilsen

Magne Andreas Cartfjord Mo
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



AKSETØY ARKITEKTUR AS
Bakkaunvegen 5B
7068 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Astrid Buset, 71 25 85 41

Smøla kommune

Detaljregulering - boliger på Inner Innveien - 52/97 og 52/449

Fråsegn til oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til varsel om oppstart av detaljregulering av bustader i Inner Innveien. Planarbeidet har til føremål å legge til rette for 16 tomter for spreidd busetnad. Arealet er i kommuneplanen avsett til bustader og næring.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Strandsone

Store delar av planområdet ligg innafor 100-metersbeltet langs sjøen. Strandsona er gitt eit særskilt vern gjennom bygge- og deleforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Planlegging i 100-metersbeltet langs sjøen må skje på ein måte som tek omsyn til miljøverdiar og ålmenne interesser ved realisering av planen. I dette ligg det mellom anna å sikre tilgjenge til strandsoneareala for friluftsliv og rekreasjon, og varetaking av kystlandskap, naturtypar og artar. [Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen](#) gir føringar for kommunane si arealplanlegging i strandsona.

Det går i dag ein delvis tilrettelagt sti frå Kystmeldestasjonen og vestover langs strandsona. Denne må takast omsyn til i planlegginga.

Busetnaden si plassering og utforming må planleggast med omsyn til det opne kystkulturlandskapet. Vi føreset at verknadene av ny busetnad vert gjort greie for og visualisert.

Naturmangfald

Under anleggsarbeidet eller anna verksemd i planområdet skal det visast aktsemd for å unngå moglege skade på artar, naturtypar og økosystem, jf. Lov om forvaltning av naturens mangfald. Det

skal ikkje førast inn eller spreia framande, skadelege artar (jf. [Fremmedartslista 2018](#) frå Artsdatabanken) ved opparbeiding av bustadfeltet og ved handtering av masser.

Det må gå klart fram av planomtalen korleis dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova sitt kapittel II er tatt omsyn til og vektlagt i planarbeidet.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Det er allereie i oppstvarsvarselet vurdert aktuelle tema for analysen. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer òg merksam på «*Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak.

Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing, som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar. Rettleiaren finn de på Miljødirektoratet sin nettstad.

Forureining

Utslepp av avlaupsvatn kan medføre redusert vasskvalitet i resipient. Det må gjerst greie for vassforsyning, samt kapasitet og reinsegrad på avlaupsanlegg som planlagt utbygging skal knyte seg til. Eventuelt behov for oppgradering som følgje av slitasje på gamal infrastruktur og ny utbygging må vurderast. Avlaupsløysinga må planleggast og dimensjonerast ut frå dette. Areal for VA-anlegg skal visast i planen.

Barn og unge

Statsforvaltaren føreset at barn og unge sine interesser blir tatt vare på jf. §1-1 i plan- og bygningslova og *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge i planleggingen*, og at born og unge blir gitt høve til å medverke i planarbeidet. Temarettleiaren *Barn og unge i plan og byggesak* frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og rundskriv T-2/08 Om barn og planlegging, gir rammer for planarbeid på dette området. I planomtalen skal ein gjere greie for verknadene planen vil få for barn og unge, samt gi ei oversikt over eventuelle leikeareal som elles finns i området.

Areal og anlegg som skal nyttast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Areal brattare enn 1:3, eller smalare enn 10 meter, areal med ekvivalent støynivå

over 55 dbA og areal avsett til køyreveg eller parkering skal ikkje reknast med. Leikeareala skal vere solrike. Tilkomst og sentrale funksjonar på leikeareala skal vere universelt tilgjengelege.

I den vidare planprosessen vil vi følgje opp om det blir gjort greie for verknadane planforslaget har på barn og unge, samt leggje vekt på:

- Eigna areal til leikeareal må vere sikra i plankart og føresegner.
- Innan 50 m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minimum 200 m².
- Eigne areal til lek må vere sikra i plankart og føresegner, og gitt funksjons- og rekkefølgekrav. Døme på slike føresegner er:
 - Leikeareal skal vere opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk.
 - Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat.

Dei trafikale forholda må gjerast greie for, og løysingar for å trygge born og unge som får vegen som skuleveg og veg til fritidsaktivitetar må eventuelt inngå i planen.

Konklusjon

Vi viser til dei innspela over, og ber om at desse vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Mattilsynet
Smøla kommune
Statens vegvesen

Fylkeshuset

Postboks 383

Postboks 34

Postboks 1010 Nordre
Ål

6404 Molde

2381 Brumunddal

6571 SMØLA

2605 LILLEHAMMER



AKSETØY ARKITEKTUR AS
Bakkaunvegen 5B
7068 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Astrid Buset, 71 25 85 41

Smøla kommune

Innspel til endra planavgrensing - 52/97 - Inner Innveien

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til brev den 21. januar 2022 med varsel om endra planavgrensing for detaljregulering for Inner Innveien på gbnr 52/97 og 52/449.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Naturmangfald

Plangrensa er endra for å planlegge ny tilkomstveg frå fv6200. Denne er planlagt mellom to vatn, der det største vatnet, Innertjønna, er kartlagt som *rik kulturlandskapssjø* av lokal verdi, sjå faktaark i [Naturbase](#). Kantsonene langs Innertjønna er stadvis prega av frodig sumpvegetasjon med myrhatt, slåttestorr, bekkeblom m.fl. artar. Det vesle vatnet nord for vegtraséen er overfladisk undersøkt. Her veks bukkeblad og kysttjønna. Vatnet har også funksjon for vassfuglar som gråmåse og stjertand, som begge er artar oppført i raudlista for artar frå 2021 som sårbare (VU).

I gjeldande reguleringsplan er Innertjønna vist med blå farge og området rundt regulert til friområde.

Generelt vil det vere uheldig for naturmangfaldet å bygge igjen rundt vatna. Dette vil påverke både landskapsopplevinga, viltartane, vassstilsiget og tilførsel av næringssaltar. Av omsyn til naturverdiane bør ein finne den løysinga for tilkomstvegen som gir minst negativ påverknad på naturmangfaldet.

Planavgrensinga medfører at vegen vil kome svært tett på vatna. Vi vil rå til at ein utvidar planområdet noko i området langs vegtraséen. Dermed har ein rom til å justere vegen så langt nord som mogeleg, men utan å gripe inn i det nordlege vatnet, for å unngå veg og fylling i kantsonene til

Innertjønna som har dei største naturfaglege verdiane. Her bør ein ta utgangspunkt i markfuktigheitskartet, jf [Økologisk grunnkart/NIBIO](#).

Vi rår vidare til at ein regulerer kantsona langs vatnet som naturområde med føresegner om bevaring av naturleg kantvegetasjon, jf. vassressurslova § 11.

Vi viser elles til dei faglege merknadene og innspela vi hadde til oppstartvarselet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Smøla kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Postboks 34
Fylkeshuset
Postboks 1010 Nordre Ål

6571	SMØLA
6404	Molde
2605	LILLEHAMMER

AKSETØY ARKITEKTUR AS
Bakkaunvegen 5B
7068 TRONDHEIM

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2053 - Veiholmen sør	21.10.2021	153651/2021/REGULERINGSPLAN/1573	Johnny Loen, 71 28 02 43	23.11.2021

Smøla kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Inner Innveien - gbnr 52/97 og 449 - fråsegn til varsel om oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld regulering med sikte på bustader på Innveien, i samsvar med overordna plan. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknadar:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Planfaglege merknader

Jamfør pbl § 12-8 skal private reguleringsinitiativ først avklarast med kommunen i oppstartmøte. Nærare krav til oppstartmøtet er fastsett i eigne forskrifter, mellom anna krav om referat frå møtet (§ 3), og at referatet skal vere tilgjengeleg for innsyn ved varsel om oppstart (§ 5). Ut frå vår kontakt med kommunen veit vi at kommunen er godt kjent med framlegget. Vi går derfor ut frå at oppstartmøte er avhalde og ber om at referat vert ettersendt.

Det er heller ikkje lagt ved kart som viser planavgrensinga. I lenka som oversendinga viser til, er kartet ikkje i nedlastbart format. Dette er nødvendig for vårt arkiv, sidan vi i ettertid må kunne finne kva vi faktisk har gitt uttale til. Vi ber derfor også om at kartet vert ettersendt.

I kommunens kartløyising på nett ligg motstridande opplysingar om planstatus for området. Innveien (heile øya) er omramma av ei linje med forklaringa "planlegging igangsett". Ved aktivering av planregisteret innanfor flata, kjem opp tilvising til planID 157320080003, og vedtak som vel er reguleringa på Været, og dei dokumenta som faktisk ligg i saka gjeld også Været. Kommunen bør rette opp i dette.

Vi finn inga sak i våre arkiv som tyder på oppstart av reguleringsprosess for heile Innveien.

Fylkeskommunen har ikkje vesentlege merknader til at det vert igangsett regulering i samsvar med kommuneplanen. I austkant av bustadområdet inn mot fylkesvegen, ligg i overordna plan eit industriareal. Det er uklart kva konkrete idear som ligg bak, men vi vil ikkje ha merknader til at dette vert omgjort til del av bustadområdet, dersom kommunen finn dette tenleg.

"Inner Innveien" er også namn på plan frå 1986, som gjeld for eit areal sør for det som no igangsettest. Ein bør drøfte ulike namn på planane for å unngå forvirring. I 1986-planen ligg regulert ein ny vegparsell (fylkesveg) som vil skilje bustadområda i ny plan frå dei eksisterande. Kommunen må ta stilling til om ny veglinje skal vere del av ny plan. Sjå elles merknader knytt til samferdsel.

Samferdsel

Fylkesveg 6200

Fylkesveg 6200 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 450 køyretøy og særskild fartsgrense 50 km/t. Strekninga er i *Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar langs fylkesveg* kategorisert i haldningsklasse 2 - *streng*, med byggegrense 50 meter frå fylkesvegen si senterlinje.

Fylkesvegen sine byggegrensar

Fylkeskommunen ser det som viktig at fylkesvegen si byggegrense blir regulert i samsvar med *Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar*. Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Det bør ikkje bli lagt til rette for utbygging som vil komme i strid med tilgrensande, og andre planer i området. Dette må bli vurdert nærare.

Dersom byggegrensa ikkje er fastsett i t.d. eldre reguleringsplan eller i føresegnar til kommuneplanen sin arealdel, gjeld veglova si føresegn om byggegrense på det tidspunkt planen vart vedtatt, sjå:

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggegrenser/dette-ma-du-tenke-pa/>

Byggegrensene sine avstandar må bli vist og talfesta, helst både i plankart og føresegn.

Køyretilkomstar

Kryss/avkøyrslar er konfliktpunkt i vegnettet, og mellom 30-40 % av alle politiregistrerte trafikkulukker er knytt til kryss/avkøyrslar. Som forvaltar av fylkesveg er fylkeskommunen sitt ansvar å sikre eit trygt og framkomeleg vegnett.

Ved etableringa av køyretilkomst til planområdet må tiltakshavar og kommune vurdere om denne kan bli samlokalisert med eksisterande tilkomstar i nærleiken. Køyretilkomst må utformast i tråd med gjeldande, tekniske krav, jf. Statens vegvesen sine normalar, og det må vere rekkefølgekrav som sikrar opparbeiding av køyretilkomst før ny utbygging startar

opp. Planomtalen må opplyse om estimert ÅDT i køyretilkomsten. ÅDT vil definere kva krav som vil gjelde, jf. N100 og V121. Køyretilkomst til planområdet må også ta omsyn til reguleringsplan 157319860001 – *Inner Innveien* når det gjeld krav (t.d. sikt).

Planområdet må inkludere heile køyretilkomsten sine frisiktsoner, og ikkje kutte desse. Dette sikrar forvaltning, drift og vedlikehald av tilkomsten. Parkering innanfor frisiktsoner vil ikkje bli akseptert. Frisiktsoner skal ha eiga føresegnar og talfestast, helst også i plankartet.

Regulering av fylkesveg

Fylkesvegen må bli regulert og vist i plankartet. Areal utanfor sjølve fylkesvegen som Møre og Romsdal fylkeskommune eig, skal ha formål «annan veggrunn». I tillegg skal fylkesvegen si tryggleikssone, samt 2 meter, bli regulert til «annan veggrunn», jf. N101 og NA-4/11.

Trafikktryggleik

Fylkeskommune sitt trafikktryggleiksarbeid tar utgangspunkt i nullvisjonen, ein visjon om at transportsystemet ikkje fører til tap av liv eller varig og alvorleg skade. Ved utbygging til bustadformål ser vi det som svært uheldig dersom det ikkje blir etablert løysingar for mjuke trafikantar langs denne strekninga av fv 6200. Det må bli vurdert om realisering av planforslaget vil ha negative verknader for trafikktryggleiken for dei som ferdast på strekninga, t.d. skuleborn. Når nødvendig må det stillast rekkefølgekrav som sikrar trafikktryggleik.

Planforslaget må vurdere og beskrive køyretilkomst til fylkesvegen, trafikkauke, trafikk-løysingar, parkering, kollektivtrafikk og - haldeplassar, ganglenkar, situasjonen for mjuke trafikantar, skuleborn og skuleskyss. Vurderingane må omfatte noverande/eksisterande situasjon, beskriving av planforslaget, verknader av planforslaget og evt. avbøtande tiltak, fråvik og rekkefølgekrav.

Fråvik

Alle nye tiltak må bli planlagt i samsvar med gjeldande, tekniske krav. Dersom planforslaget krev fråvik, bør fråviket vere saksbehandla før planforslaget blir lagt ut til offentleg ettersyn. Om fråvik ikkje blir avklart tidleg nok, kan fråvik som ikkje blir godkjent føre til forseinkingar i planprosessen. Sjå også informasjon og søknadsskjema på vegvesenet sine heimesider:

<https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/omhandbokene/vegnormalene/fravik/fravik-fra-krav-i-vegnormalene>.

Fråvik frå vegnormalane må eventuelt omtalast samla i eige kapittel i planomtalen. Vi gjer merksam på at manglande trafikktryggleik kan gi heimel for motsegn ved offentleg ettersyn.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer utbyggingsområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til aktivitetsområde og buplassar frå eldre steinalder. Planområdet ligg over deler av eit godt hamneområde som ha vore strandbunden rundt ca. 9000 f.kr. Nærleiken til Været gjer at området har også eit visst potensiale for funn frå mellomalder. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i kulturminnelova (kml).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør kml §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett.

Vesentlege uføresette forhold kan gi grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år. Dei nye satsane gjeld frå 02.06.2021.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura. Fakturadresse må vere ei e-postadresse, fortrinnsvis ei firma-adresse.

Nyare tiders kulturminne

Innanfor området ligg ein kystmeldestasjon, ein av tre i fylket, som er regionalt verneverdig. Denne må i utgangspunktet sikrast i planforslaget.

Barn og unge

I bustadområde vil vi legge vekt på korleis det er tilrettelagt for barn og unge. Dette inneber i praksis at det må tilretteleggast areal som er tilstrekkeleg stort og eigna for felles lek og uteaktivitet. Statlege planretningslinjer om barn og unge i planlegginga ligg til grunn for dette, i tillegg til pbl § 28-7 og TEK17.

KONKLUSJON

Det vil bli stilt krav om arkeologiske registreringar jamfør kulturminnelova §§ 9 og 10. Desse bør gjennomførast før offentleg ettersyn. I motsett fall er det risiko for at planen etter funn må omarbeidast seinare.

Vi viser elles til merknader ovanfor og ber om at dei blir tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: Rådgivar Ida Sigereth, tlf. 71 28 05 48

Nyare tids kulturminne: Overarkitekt Helge Aarset, tlf. 71 28 03 31

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog/Rådgivar Carl Fredrik Wahr-Hansen Vemmestad
tlf. 907 72 660

Vedlegg:
Budsjett for arkeologiske registreringer

Kopi:
Smøla kommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen

Aksetøy Arkitektur AS

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2053 - Veiholmen sør	24.01.2022	8240/2022/REGULERINGSPLAN/1573	Johnny Loen, 71 28 02 43	20.02.2022

Smøla kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Inner Innveien - gbnr 52/97 og 449 - fråsegn til revidert varsel om oppstart

Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld eit revidert varsel om oppstart for reguleringsplan på Innveien i Smøla. Fylkeskommunen ga fråsegn til opprinneleg oppstartvarsel i brev 23.11.21. Det har i ettertid vore møte med kommunen og tiltakshavaren. Fylkeskommunen har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader til det reviderte varslet.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Samferdsel

Fylkeskommunen si fråsegn datert 23.11.2021 gjeld framleis så langt ho passar. Vi har nokre tilleggsmærknader knytt til utvidinga:

Byggegrense

Gjeldande reguleringsplan blei vedtatt 20.08.1986. Denne planen viser ikkje byggegrense mot vest og veglova si føresegn om byggegrense på det tidspunktet planen blei vedteke, vil gjelde. Noverande fylkesveg 6200 var i 1986 riksveg 669, og generell byggegrense for riksvegar var på dette tidspunktet 30 meter frå vegen si midtlinje.

Byggegrensa for gjeldande reguleringsplan *Inner Innveien* (1986) må bli sikra i planforslaget det no blir arbeidd med.

Tilgrensande plan og investeringsprogram for fylkesvegar

Varsel om utvida planområde opplyser at ny tilkomstveg ikkje vil vere til hinder for at fylkesvegen på eit seinare tidspunkt kan bli lagt om til ny trase, som foreslått i gjeldande reguleringsplan for *Inner Innveien* og kommuneplanen sin arealdel. Vi gjer her merksam på at investeringar i fylkesvegnettet følgjer fylkestinget sine prioriteringar i investeringsprogram for fylkesvegar (2022-2031). Investeringsprogrammet er ei prioriteringsliste og eit intensjonsprogram. Det er gjeldande økonomiplan som avgjer dei økonomiske rammene og dermed kor langt ein kjem på prioriteringslista (investeringsprogrammet). Endring av trase for fv 6200 ved det no varsla planområdet er ikkje satt opp som eit prioritert tiltak i gjeldande investeringsprogram 2022-2031.

Tilkomst til fylkesvegen

I varsel om utvida planområde, opplyser tiltakshavar at ei utviding av planområdet medfører at talet på tomter blir justert til omtrent 22 (samt at det for nokre tomter blir opna for meir konsentrert småhusbusetnad). Handbok V121 tilrår ein minste avstand mellom plankryss på 40 meter. Det vil mellom anna vere ulike krav ut frå om tilkomstveg til dei nye bustadane er tenkt å vere privat eller kommunal. Vi ber om at dette blir vurdert og omtalt i planomtalen.

- *Ved privat tilkomstveg:* Fylkesveg har på strekinga ein ÅDT på 450 (år 2020). Køyretilkomsten til/frå fylkesvegen vil vere definert som «avkøyrslé» (og ikkje eit "kryss"). Tilrådinga i handbok V121 vil derfor ikkje vere direkte relevant, men av omsyn til trafikktryggleik, bør avkøyrslé likevel bli plassert med så lang/stor avstand at trafikantane enkelt oppfattar geometri og køyremønster. Til dømes bør ikkje siktsonene til ulike avkøyrslé vere samanfallande eller overlappande.
- *Ved kommunal tilkomstveg:* Køyretilkomsten til/frå fylkesvegen vil vere definert som eit kryss. Tilrådinga om avstand mellom plankryss vil vere relevant.

Vi minner for ordens skuld om at planområdet må inkludere heile køyretilkomsten sine frisisiktsoner.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar og skuleborn

Planforslaget legg til rette for utbygging av ei rekke bustadar, og vår tidlegare fråsegn omtaler trafikktryggleik. I forlenginga av dette er det no avklart internt med FRAM at kantstopp er ei løysing som kan bli vidareført, jf. *N100 Veg- og gateutforming* kapittel 4.3 *Haldeplasser for buss og V123 Kollektivhåndboka*. Planforslaget må mellom anna vurdere og omtale:

- Ei trafikktrygg, framtidig løysing for haldeplass og ganglenke fram til busshaldeplass
- Om eksisterande haldeplass bør bli utbetra og/eller flytta og vidare om det bør bli etablert ein ny haldeplass for planlagt utbygging
- Om framtidig løysing oppfyller krava i normalane nemnt over

Gjennomføringsavtale

Ved tiltak der Møre og Romsdal fylkeskommune stiller eksisterande veggrunn til disposisjon for tiltak (t.d. areal til kantstopp) blir det stilt krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Før arbeid med utbygging startar opp må det bli tatt kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune for ein slik avtale.

Automatisk freda kulturminne

Innanfor utvidingsarealet i planområdet er det potensiale for funn av automatisk freda kulturminne og vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering for heile

planområdet, jamfør § 9 i kulturminnelova (kml). Vedlagt ligg eit utvida budsjett for den samla, arkeologiske registreringa.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør kml §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar.

Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gi grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett. Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år. Dei nye satsane gjeld frå 02.06.2021.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etter-spørjast.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura. Fakturadresse må vere ei e-postadresse, fortrinnsvis ei firma-adresse.

KONKLUSJON

Vi stiller krav om arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10. Fråsegn i brev 23.11.21 vil gjelde med tilleggsmerknader i brevet ovanfor.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar:

Samferdsel: Rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog/Rådgivar Carl Fredrik Wahr-Hansen Vemmestad
Tlf. 907 72 660

Vedlegg:

Budsjett for arkeologiske registreringar (også sendt separat tidlegare)

Kopi:

Smøla kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen



KYSTVERKET

AKSETØY ARKITEKTUR AS
Bakkaunvegen 5B
7068 TRONDHEIM

Deres ref.:	Vår ref	Arkiv nr	Saksbehandler	Dato
2053 – Veiholmen sør	2021/9581-2	413.2	Oddbjørn Sæther	01.11.2021

Uttalelse - Oppstartvarsel planarbeid - Gnr 52 Bnr 97 og 449 - Inner Innveien - Smøla kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til oppstartvarsel 21.10.2021 for reguleringsplanarbeid for nærmere kartfestet område, mellom de nåværende boligområdene på Inner- og Ytter Innveien.



Planområdet på 30 daa omfatter kun landareal og strekker seg mot nord t.o.m fylkesvegen på stedet. Kystverket kan ikke se at omsøkte planavgrensning eller påtenkte arealformål vil få betydning for vårt ansvarsfelt etter havne og farvannsloven.

Med mindre formålsbruken og/eller planavgrensningen endres, har Kystverket ikke avgjørende innspill eller merknader til planarbeidet.

Med hilsen

Tor Vidar Olsen
fung. avdelingsleder

Oddbjørn Sæther
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og uten påførte signaturer

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystsak 2021/9581 dok nr 4

Viser til varsel 21.01.2022 om endret planavgrensning for detaljregulering gnr 52 bnr 97 og 449 mfl - Inner Innveien - Smøla kommune.

Kystverket har ikke innvendinger til endret områdeavgrensning.

Kystverket

Oddbjørn Sæther



AKSETØY arkitektur
Ulavegen 5
7045 TRONDHEIM

Dato: 09.11.2021
Vår ref: 21/06450-2
Deres ref:

Uttalelse uten merknad til varsel om oppstart av detaljregulering for gbnr. 52/97 på Inner Innveien i Smøla kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (DMF) viser til ovennevnte sak, datert 21. oktober 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnyttning av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samlet verdiskaping basert på en forsvarlig og bærekraftig utvinning og bearbeiding av mineraler. Vi forvalter lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (mineralloven), og har i tillegg et særlig ansvar for at mineralressurser blir ivaretatt i saker etter plan- og bygningsloven.

Sentrale mål i mineralforvaltningen er å sikre tilgangen til mineralressursene i framtida og å hindre at viktige forekomster båndlegges av arealbruk som utelukker framtidig utnyttelse.

Om planen

Detaljregulering av eiendommen har som formål å legge til rette for boligbebyggelse med tilhørende adkomstvei, parkering og uteoppholdsarealer. Boligbebyggelse er tenkt innenfor areal avsatt til boligformål i KPA, og det foreslås på nåværende tidspunkt fradelt 16 tomter på mellom 800-1000 m². Tiltaket er dermed i tråd med kommuneplanens arealdel, og planen utløser ikke krav om konsekvensutredning.

Uttalelse uten merknad fra DMF

DMF kan ikke se at den foreslåtte planen berører registrerte forekomster av mineralske ressurser, bergrettigheter eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikke se ut fra forelagt informasjon, at planen vil omfatte uttak av masse som vil omfattes av mineralloven. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av detaljregulering for Inner Innveien.

Dersom videre behandling av planen viser at noen av våre fagområder blir berørt, ber vi om å få saken oversendt når den blir lagt ut til høring og offentlig ettersyn.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se hjemmesiden vår på www.dirmin.no. Her finner du også vår digitale kartløsning, som er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m., supplert med relevante kartdata fra andre etater.



Vennlig hilsen

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Gabriella Fure Briceno
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Gabriella Fure Briceno

Mottakere:

AKSETØY arkitektur

Ulavegen 5

7045 TRONDHEIM